

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Telemark.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Nissedal.

Emne: Skav.

Bygdelaag: Kyrkjebygda.

Oppskr. av: Sven Grimstvedt.

Gard: Grimstvedt.

(adresse): Seljord.

G.nr. 12 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Ingeborg Grimstvedt, f. 1885, Nissedal, husmor. o.a.

SVAR

1. Ikkje noko visst. Det måtte i tilfelle bare vera ~~bork~~ (börk e).
2. Ein nyttar ordet skav. Å skave. Börkefor.
3. Å skave, skavar, skov, he skava o.s.b.
--Og skov i fortid.
Å skave, eg skjeve, eg skov, he skövi.
4. Ja, for 30-40 år sidan. Hjelpfor, - men og rekna som godt tilleggsfor, ja, mest som kraftfor, særleg då raun.
5. I Nissedal særleg raun. Men og osp. Alm skal vera best, men det treet finst om lag ikkje i bygda. (I Treungen ligg garden Almelida.)
Unge bartre, særleg furu skov ein borken av, særleg til sauer. Dette nytta nå og til sine tider. Då gneg ~~sau~~ sauene borken av sjölve.
6. Er litt nytta om raun.
7. Nei.
8. Alle husdyra fekk av skavet, det vesle det var. Til kyrne slo dei gjerne varmt vatn på skavet. Logen av dette vart nytta på töysa av halm, agner eller høy.
Oreskav, eller orebork lika ikkje dyra.
9. Kyrne kom i betre triiv om vinteren når dei fekk skav. Det fekk og ris av lauvtree. Og i naudår redda dette mange dyr. Det fekk vel sjeldan så mykje at det sette nokon farge eller smak på mjölka i Nissedal.
10. Ikkje som ei onn. I grunnen var det lite med skav ein nytta. Og bare i særhöve reiste folk eins ærend til skogs. Men om vårane har det hendt at ein har reist til skogs og slege blåbærlyng om våren. Dette har nedskrivaren vore med på, truleg i 1918-19. Det var stor formangel og mykje ~~halm~~ halmforing. Då nytta far blåbærlyng attåt.
11. Ikkje så vanleg at det har fått namn.
12. Ikkje namn.
13. Nei.
14. Nei.
15. Ofte inne på kjøkenet, eller ute.
16. Ein nytta ein tollekniv eller ein ljå.
17. På ~~henderne~~ lengre kubbar nytta dei ljå og bae hendene. Kniv til stutte kubbar.
18. Ikkje kjent.
19. Ljåen held dei med bae hendene og skavar frå seg eller mot seg.
20. Skav.

21. Skavbörke.

22. Om raunen ikkje var alt for stor, vart heile treet ~~nytt~~ nytta. Ein skov greinene på halve eller heile meteren. Kubbane vart skora av etter som det hövde.

23. Skavlingar. Skavkvist og skavkubb .

24. All bork vart skaven inntil veden. Elles ikkje kjend ~~mek~~ nokon skilnad på skaving. Det var kvaliteten på borken ~~en~~

som var avgjerande .

25. Til åreved. Baksteveden var jamt av gran.

26. Nei ikkje nå. Det er rundt 30-40 år sidan folk skava bork, utan ved eit hende höve.